



Det yngste Uskedalslaget. (Foto: Tor Edward Taranger)

Laurdag var ein stor dag for dei yngste fotballspelarane i kommunen som møtte kvarandre til dyst i Husneshallen. 20 miniputtlag frå heile kommunen i aldersgruppa frå sju til ni år var med i cupen og to av laga med tilsaman 19 spelarar var frå Uskedalen.



Det eldste Uskedalslaget. (Foto: Tor Edward Taranger)

Det eldste laget, der gutane var født i 2000 og 2001, spela ein uavgjort kamp og tapte to. Det yngste laget, der gutane var født i 2003, vann ein, spela ein uavgjort og tapte ein.

Det var lag frå Trio, Rosendal, Halsnøy, Strand-Ulv og Herøysund.

I desse aldersgruppene er det berre vinnarar og alle får premie.

Mellom kampane koste gutane og jentene seg med rikeleg servering av pizza, vaflar og brus!